

## Studietur til Sverige 5.-6. februar 2014 - Høgskolan i Borås og Nossebro skole i Essunga kommun

### Notat til programstyret for «Program for styrka læring» 25.02.14.

Rektor Ole Jørgen Øygarden, Flatbygdi skule - Vik kommune, tok initiativ til ein studietur for representantar for kommunane i Sogn-samarbeidet og fekk (mot alle odds!) ein avtale med både Nossebro skole og den forskargruppa i Borås som har studert utviklingsarbeidet i Essunga kommune frå 2007-2010. Underteikna og Amund Nedreberg frå Statped vest fekk vere med gruppa, som til saman vart på 9 personar. For oss i Statped vest var dette særst nyttig med tanke på alle dei regionale utviklingsprosjekta senteret er involvert i, som nesten alle har det til felles at kommunane har fokus på omfanget av (og kvaliteten i) spesialundervisninga. Delar av besøket på Høgskolan i Borås var truleg mest interessant nettopp for oss frå Statped, etter som også Specialpedagogiske Skolmyndigheten (SPSM), Västra region, som samarbeidspart for forskargruppa i Borås, deltok. Statped har nytte av å sjå korleis SPSM arbeider for å støtte kommunane i Sverige i deira arbeid med likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring. Og vi har planar om å etablere kontakt med eksterne forskarmiljø for å få hjelp med utvikling av ein tenesteprofil som best kan vere til hjelp for kommunar, PPT og skular/barnehagar. Så takk for at vi fekk vere med!

Men det viktigaste med studieturen i denne samanheng er den klåre relevansen til «Program for styrka læring». Når det overordna målet med programmet er *auka læringsutbytte for alle, der styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning* må seiast å vere dei overordna strategiane, er det svært nyttig å sjå korleis dei i Essunga har klart «*att nå framgång med alla elever*» nettopp med inkludering som strategi. Dei auka læringsutbyttet for alle elevane og dei målbare resultata dramatisk i løpet av ein tre års periode ved på eiga hand å endre organisering, struktur og disponering av kompetanse innanfor eksisterande ressursrammer. For alle aktørane i kommunane i Sogn må dette vere av interesse. I samsvar med intensjonen både med «Program for styrka læring» og det føregåande prosjektet «Sats på skulen – snu Sogn» er også den oppfølgjande forskinga ved Borås av interesse. Dei ser at dei elevane som i 2010 - mot tidlegare odds - fekk plass i «gymnasieskolan», har langt mindre fråfall enn elevar i andre kommunar. Og særleg lågare fråfall enn elevar frå kommunar som har same låge utdanningsnivå som i Essunga (og i Sogn?). Det ser med andre ord ut som ein har klart å gi alle elevar ein basis for vidare utdanning, som kanskje gjer at ein må revurdere «myten» om at skulen i liten grad kan vege opp for utdanningsnivå hjå føresette. Med andre ord: «School matters»!

For å sjå på den konkrete relevansen for aktørane på ulike nivå i Sogn-kommunane er det kan hende greitt å ta utgangspunkt i dei punkta som forskarane meiner har vore medverkande til framgangen i elevutbytte og –resultat. Dei har i sin rapport (Persson & Persson 2012) om suksessen i Essunga sett opp til saman 13 «*råd för ett framgångsrikt förändringsarbete*»:

## **1. Kartlegging av verksamheten och en pedagogisk grundad analys**

Fokus på den pedagogiske verksemda, undervisninga og føresetnadene for læring. I Essunga hadde dei særskilt fokus på spesialgruppene, elevsamansetjinga der, grunngevinga for denne samansetjinga og elevane sine læringsresultat. I Sogn vil dette truleg kunne overførast til fokus på spesialundervisninga på same måte. Eg vil tru at «ståstedsanalysen» kan nyttast i denne samanheng.

## **2. Incitament för förändring**

Ei slik kartlegging vil gi innsikt i motiva bak spesialundervisninga – grunngeving, val av elevar, fokus for og organisering av spesialundervisninga og kva som avgjer korleis ho vert gjennomført. I Essunga greidde dei å motivere klasselærarane for å inkludere elevane i den ordinære undervisninga ved å sikre relevant kompetanse som støtte i klassen og leggje til rette for samarbeid. Ei slik eventuell endring i Sogn vil kan hende krevje ulike strategiar i ulike skular og kommunar, avhengig av tilgang til spesialpedagogisk kompetanse og tradisjon for samarbeid mellom allmennlærarar og spesialpedagogar?

## **3. Utmaning av synliga och osynliga traditioner**

Dette vert sett som nødvendig i samband med eit skuleutviklingsarbeid. Ein må få fram kva som «sit i veggane», og i kva grad praksis er tufta på tradisjon framfor refleksjon. Leiinga vil her vere sentral, og til liks med i Essunga vil ein truleg i Sogn trenge å sjå på motiva for måten ein har vald å utnytte eksisterande kompetanse i skulen og kommunen på.

## **4. Resurser och användning av resurser**

Ressursar handlar om pengar og tid. Men for å oppnå resultat må desse ressursane omsetjast i kompetanse som vert nytta i pedagogisk relasjon med elevane. Lærarane må få mest mogleg tid saman med elevane, dersom dei 10 000 timane (!?) dei er i grunnskulen skal få konsekvensar for læring og læringsutbytte. Sjølv om eventuelle rettleiarar eller ekspertar (til dømes PPT og Statped) kan ha ein viktig funksjon, er det alle dei timane elevane er saman med lærarane som kan utgjere ein skilnad.

## **5. Processuppföljning eller följeforskning**

«Kritiske vener» frå ulike miljø kan vere nyttige å ha i ein periode. Men dette kan verte utan effekt, dersom ein berre legg opp til kortvarige prosjekt utan nødvendig forankring i det pedagogiske miljøet. Følgjeforskning kan vere sers nyttig, men det viktigaste vil vere å ta høgde for at endring tar tid. Det første er vel uavklart i Sogn, men det siste er vel i alle fall løfterikt etter som ein har vore ambisiøs nok til å skissere eit 9-årog utviklingsprogram!?

## **6. Komplementära kompetenser**

Høg fagkompetanse og fagdidaktisk kompetanse må kombinerast med spesialpedagogisk kompetanse. Ingen elevar kan klare seg med berre det eine. Elevar i spesialgrupper – men truleg og elevar med annan form for spesialundervisning – saknar ofte det første, og vanlege klassar saknar ofte det siste. Bruk av komplementær kompetanse i klasseromma vart både av forskarane og kommunen nemnd som avgjerande for læringsutbyttet for alle elevar. Eit

nært samarbeid mellom allmennpedagogar og spesialpedagogar om undervisninga til ei gruppe elevar – der nokre har spesialundervisning - samsvarar godt med norsk forskning (Mjøs 2007, Skogen 2008, Uthus 2014). Utnytting (og utvikling) av kompetanse på denne måten krev godt leiarskap på skulen – og i små kommunar også i stor grad på kommunenivå. I Sogn må ein kan hende sjå på tvers av kommunegrensar?

### **7. Auktoritært ledarskap**

Dette er godt kjend og gjeld både mandat og legitimitet på alle nivå i skulen og kommunen. Noko av suksessen i Essunga såg ut til å handle om at dei klarte å signalisere høge forventningar både til personalet og elevar.

### **8. Arbetslag ad hoc**

Her er det snakk om samarbeidsarenaer tilpassa verksemda sine behov som opnar for fleksibilitet og raske løysingar (adhokrati). Det vil seie å setje saman grupper / arbeidslag for kortare periodar, som vert endra eller oppløyst så snart behova er endra. I omstillingsarbeid kan det vere nødvendig. I Sogn-samanheng kan det i tillegg til dei nettverka som er etablert på tvers av kommunar vere snakk om ulike grupper på kommunenivå, skule- eller barnehagenivå for å utvikle konkrete sider ved praksisen.

### **9. Forskningsanknytning och vetenskaplig förankring**

I Essunga vart det lagt vekt på at utviklingsarbeidet skulle vere forskings- og kunnskapsbasert. Konkrete praktiske utfordringar vart løfta opp på eit generelt og prinsipielt nivå ved at ein drøfta desse på skulen og i arbeidslag ved hjelp av vitskapeleg vokabular. Lærarane fekk på denne måten erfaring med å analysere og forstå eigen praksis og verksemd ut frå eit vitskapeleg perspektiv. Dette var mogleg ved at nokon i kommunen tok jobben med å lese relevant nyare forskning og teori og samanfatte det til eit notat som alle kunne lese. Saman kunne dei da drøfte kva dette ville ha å seie for praksis i deira kontekst. I Sogn vil dette truleg kunne gjerast på fleire måtar. Utvalde medarbeidarar i nettverka kunne gjere forskingsbasert litteratur tilgjengeleg for alle. Vidare har ulike medlem av programstyret slik kunnskap på bakgrunn av eigen forskning eller praksis. Det er dessutan mange leiarar og pedagogar rundt om i kommunane med heilt fersk kunnskap ut frå vidareutdanning. Ein samla innsats vil truleg gi tilgang på relevant kunnskap innan alle programområda, slik at kvar skule/ barnehage og kommune kan velje det som er mest relevant.

### **10. Ändamålsenlig kompetensutveckling**

I eit slikt utviklingsarbeid er det behov for felles kunnskap som grunnlag for samla praksisutvikling, refleksjon og haldning, men og spesifikk kunnskap hos ulike «nøkkelpersonar» med særskilte oppgåver. Det må difor utformast ein langsiktig kompetanseutviklingsplan som gjeld både det generelle og det spesifikke. Planen må utformast med utgangspunkt i ein ståstadanalyse (jfr. pkt. 1, 6 og 9). I Sogn vil og vurderinga av PPT kunne liggje til grunn for ein slik plan, og sjølve kompetanseutviklinga vil truleg kunne gjennomførast i eit samarbeid mellom kommunane og med HiSF, Statped vest og andre. Planen må ta opp i seg at ein

reduksjon i spesialundervisninga vil kunne krevje meir spesialpedagogisk kompetanse – ein kompetanse som må kunne nyttast på ulike måtar.

### **11. Den spesialpedagogiske verksamheten**

I Essunga var det ikkje heilt slutt på eineundervisning sjølv om alle spesialgruppene vart oppløyste, men spesialundervisninga vart gjennomført som ein naturleg del av og nær knytt til den ordinære undervisninga. Det vil truleg vere situasjonen i Sogn også; all spesialundervisning skal ikkje fjernast, men den spesialundervisninga som skal vidareførast skal gjennomførast slik at han oppfattast både av lærarar og elevar som ein naturleg del av den totale tilpassinga på skulen. Vidare vil det vere eit sentralt poeng at forventningane til læringsutbyttet for elevar med spesialundervisning også må vere høge. Ein må difor sikre at desse elevane og får tilgang til god fagdidaktisk kompetanse i dei aktuelle faga. I tillegg bør ein nemne at Sverige framleis har ein «særskola», og at det også var 4-5 elevar i Essunga kommune som difor var utanfor den vanlege skulen. Hjø oss er det ikkje slik, og vi må difor ta høgde for at nokre få elevar i Sogn vil trenge heilt spesiell skreddarsaum. Her vil difor vere ein tilleggsutfordring å sikre at desse elevane også har ein naturleg og verdsett plass i barnehage/skule.

### **12. Personalens arbeidsbelastning**

Eit utviklingsarbeid som dette må ikkje kome på toppen av alt anna, men inngå som ein naturleg del av det pålagde arbeidet for fagpersonane i barnehage og skule. Ein kan difor ikkje ha mange andre satsingsområde samtidig, men tillate at dette erstattar noko av alt det andre som og barnehage og skule skal ha fokus på. Samarbeid med fagforeiningane vert viktig, slik at det ikkje vert oppfatta som enda ei arbeidsoppgåve på toppen av alt anna.

### **13. Skola och socialtjänst**

I Essunga såg ein i etterkant av dei tre utviklingsåra stort behov for tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for å unytte dei samla ressursane i kommunen. Det er viktig i eit førebyggjande perspektiv, og det er avgjerande for tidleg innsats når problem oppstår. Dette passer bra i høve fleire av programområda i «System for styrka læring». Dersom ein i prosessen ønskjer å oppretthalde ressursane i barnehage og skule også med mindre bruk av spesialundervisning, er det truleg viktig ovanfor politikarar å synleggjere om og korleis dei same ressursane kan nyttast på ein totalt sett meir økonomisk effektiv måte for kommunen.

---

Både forskargruppa og leiarane i Essunga åtvarar mot å tru at ein kan kopiere ein «suksess» og oppnå same resultat i ein annan kontekst. Dei peikar og på at det truleg er ulike tiltak i kombinasjon som medverkar til gode resultat. Likevel meiner eg det er nyttig å sjå systematisk på desse oppsummeringane frå forskarane.

Essunga kommune meiner sjølv at dei framleis strevar med mykje, og understreker at det er krevjande å oppretthalde det høge nivået på undervisning og læring. I kommunen fortel dei og at dei vart forundra over den merksemda som deira resultat fekk. Samtidig peikar dei på

at det kan hende var ein fordel å vere blant dei dårlegaste kommunane i Sverige; dei hadde ikkje noko anna val enn å endre praksis! Spørsmålet er da om kommunane i Sogn har tilsvarende motivasjon til endring, når skulane statistisk sett leverer gode målbare resultat? Eller ein kan sjå det på ein heilt annan måte; når kommunane er i stand til å levere så gode resultat, vil dei vel og vere i stand til å utvikle ein praksis der dei same ressursane vert utnytta enda betre?

Bergen, 25.02.14

Marit Mjøs